

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
067/20	Formannskapet	PS	02.09.2020
066/20	Heradsstyret	PS	23.09.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/1665

Osterøykroa AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Osterøykroa med minihotell, Lonevåg

Løyvehavar: Osterøykroa AS, org.nr. 999 314 163.

Dagleg leiar: Roy Dyrkolbotn, f. 19.03.71.

Styrar: Roy Dyrkolbotn. Stedfortredar Krister Dyrkolbotn, f. 13.01.00 vert godkjend under føresetnad av bestått kunnskapsprøve.

Type verksemd: Kro-og selskapslokale, uteservering og minihotell/overnatting.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60% alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.
Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60% alkoholinnhald):kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd.

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.”

Formannskapet - 067/20

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

FS - vedtak:

“I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Osterøykroa med minihotell, Lonevåg

Løyvehavar: Osterøykroa AS, org.nr. 999 314 163.

Dagleg leiar: Roy Dyrkolbotn, f. 19.03.71.

Styrar: Roy Dyrkolbotn. Stedfortredar Krister Dyrkolbotn, f. 13.01.00 vert godkjend under føresetnad av bestått kunnskapsprøve.

Type verksemd: Kro-og selskapslokale, uteservering og minihotell/overnatting.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%
alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60% alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd.

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024.”

Heradsstyret - 066/20

HS - behandling:

Lars Fjeldstad, SP, bad om gildskapsvurdering for sitt vedkomande, då mora er sambuar med styrar for løyvet. Han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 26 medlemmer/varamedlemmer til stades. Varaordførar overtok som møteleiar

AVRØYSTING - gildskap

Lars Fjeldstad vart kjend gild med 14 røyster (7FRP,2H,1V,4SP) mot 12 røyster (1MDG,2SV,4AP,2H,3KRF).

Grunngjeving: Heradsstyret fann at det ikkje låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6b og heller ikkje at det låg føre andre "særegne forhold" etter forvaltningslova § 6, 2. ledd som er "egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet" eller kan gje "særleg fordel, tap eller ulempe" for han eller hans nærstående, i saka.

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken

HS - vedtak:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Osterøykroa med minihotell, Lonevåg

Løyvehavar: Osterøykroa AS, org.nr. 999 314 163.

Dagleg leiar: Roy Dyrkolbotn, f. 19.03.71.

Styrar: Roy Dyrkolbotn. Stedfortredar Krister Dyrkolbotn, f. 13.01.00 vert godkjend under føresetnad av bestått kunnskapsprøve.

Type verksemd: Kro-og selskapslokale, uteservering og minihotell/overnatting.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – kl. 01.00.

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60%
alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.
Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00.

Alkohol gruppe 3 (drikk med 22 – 60% alkoholinnhald): kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd.

Løyveperiode: 01.10.20 – 30.09.2024."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Skjenkestad: Kro-og selskapslokale, uteservering og minihotell/overnatting

Driftskonsept: inne- og uteservering

Sitteplasser: 60 stk (inne), 40 stk (ute)

Areal: 250 kvm (inne), 70 kvm (ute)

Periode for servering: januar-desember.

Opningstidspunkt: man-torsdag: kl. 11- kl. 21, fredag kl. 11- kl. 22, laurdag og søndag : kl 13- kl. 22.

Ved arrangement er opningstida utsatt og ofte til kl. 01:00.

Ønskja skjenketid: kl. 08.00 - kl. 01.00

Osterøykroa v/Roy Dyrkolbotn har søkt om fornya skjenkeløyve for si verksemd i Lonevåg. Søknaden gjeld kroa, selskapslokale, uteservering og minihotell.

I gjeldande alkoholpolitisk plan sagt at skjenkeløyve i hovudsak skal gjevast til verksemder lokalisert til områdesentra i kommunen, og det er opna for å gje skjenkeløyve for brennevin også til uteservering.

Etter alkohollova § 1-6 kan skjenkeløyve gjevast for 4 år om gongen og med opphøyr seinast 30. september etter at nytt kommunestyre tiltrer. I forslag til ny alkoholpolitisk plan er det tilrådd å følgja 4-årsperiodar for sals- og skjenkeløyve.

Kontroll på skjenkestaden har ikkje siste året avdekka tilhøve som har kravd oppfølging frå kommunen.

Søknaden er send til politiet og sosialtenesta til uttale.

Vurdering

Rådmannen kjenner så langt ikkje til tilhøve som tilseier avslag på søknaden, og ein vil difor tilrå fornying i samsvar med søknad. I rådmannen si tilråding er skjenke- og opningstider fastsette i samsvar med ønske frå søkjar og innanfor rammene i forslag til retningsliner. Denne serveringsstaden har over lang tid hatt stabil drift, og er eit viktig tilbod for både fastbuande og tilreisande til kommunesenteret.

Hovudregelen i alkohollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Rådmannen vil ikkje foreslå ein ny praksis i h.t. fornying av sals- og skjenkeløyve, men at ein fortsatt

held fast ved løyveperiodar på 4 år, og med handsaming etter kvart kommunestyreval.

Folkehelse - søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift

Miljø - søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift

Økonomi - ikkje vurdert

Konklusjon

Saka vert lagt fram for formannskapet til handsaming og innstilling til heradsstyret.